



Liafjord var den siste båten Eidsvik utrusta

Det vert drøfta ei eller anna form for vidare drift ved Eidsvik Skipsbyggeri opplysar bustyrar for konkursbødet advokat Kjell Steinsbø som har hatt møte med dei tilsette. Det er nokre ting som må avklarast og tysdag vert det nytt møte med dei 22 som er ramma. Stryleiar Steinar Fjeldstad avviser overfor Kvinnheringen at dei burde gått til skifteretten før fordi dei prøvde så godt dei kunne. Forsøk på å få andre til å overta har ikkje lukkast

Den siste båten Eidsvik utrusta var Liegruppens Liafjord som vart levert til rederiet på Straume for eitt år sidan. Rederiet hadde også opsjon på den identiske båten Lifjell, men den fekk Hellesøy nærmast i tolvte time. Sidan har det vore minimalt med oppdrag, dei har stort sett innskrenka seg til mindre arbeidsoppdrag med Norledferjer.

Styrelsiaren konstaterar at utgiftene har vore større enn inntektene og at verftet no har ei underskot på 30 millionar kroner. Den tidlegare solide eigenkapitalen er brukt opp. Men det er få ekstrne kreditorar som vil tapa på konkursen. Det er først og fremst eigedomsselskapet til Eidsvik som vil tapa fordi det ikkje får leigeinntekter. Eksterne kreditorar tapar berre småbeløp.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen